



## UKM 03/17 Val

Ungdommens kyrkjemøte skal gjennomføre to val under UKM.  
Det blir sett ned ein valkomité som vil arbeide med å finne kandidatar til vala.

### 1. Val av tre representantar til Kyrkjemøtet i 2018

Kyrkjemøtet er det øvste representative organet i kyrkja og blir av somme kalla kyrkjas «Storting». UKM sender fire representantar til å delta på Kyrkjemøtet i Trondheim 11.-17.april 2018. UKM delegatane møtast dagen før Kyrkjemøtet startar. Ein av desse fire representantane skal, i samsvar med UKMs forretningsorden, nemnast ut av Utval for ungdomsspørsmål. Dei tre andre skal veljast av UKM.

**Det skal veljast tre delegatar. Tenk på alder, kjønn og geografi.**

### 2. Val av to representantar til Utval for ungdomsspørsmål

Utval for ungdomsspørsmål (Ufung) er eit rådgivande organ for sekretariatet i Kyrkjerådet og spesielt for ungdomsrådgivaren i Kyrkjerådet. Ufung skal arbeide med saker som vedkjem ungdom i Den norske kyrkja nasjonalt og internasjonalt, og har eit spesielt ansvar i planlegginga og gjennomføringa av Ungdommens kyrkjemøte.

Til Ufung skal det veljast representantar for to år om gongen.

I løpet av året har Ufung 4–5 møtedagar, og møta blir normalt haldne på kvardagar i Kirkens hus i Oslo. I tillegg til dette har Ufung kvart år ei sentral rolle under UKM, som varer 4–5 dagar. Ein må vere budd på å setje av om lag 10 dagar årleg til dette pluss litt tid til førebuing. Reisekostnader vil sjølvstøtt bli dekte.

**Det skal veljast to representantar for to år. Tenk på alder, kjønn og geografi.**